

PROTOKOLL

ÅRSMØTE I

NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND SOGN OG FJORDANE Scandic Flesland Airport 09.03.2024

Leiar Håkon Huseklepp opna årsmøtet

Sak 1. Konstituering av møtet

- Godkjenning av innkalling
Vedtak: Innkallinga samrøystes godkjent
- Godkjenning av sakliste
Vedtak: Saklista samrøystes godkjent
- Godkjenning av fullmakter

Reidun føretok namneoppdrag, det møtte 12 røysteføre delegatar, 1 utvalsleiar og reg.sekr:

1. Gloppen jfl	Jon Even Fossheim
2. Gloppen jfl	Frode Sørensen
3. Hyen jfl / NJFF	Alf Erik Røyrvik
4. Flora jff	Peder H Gustavsen
5. Jølster JFF	Kåre Sætenes Strømmen
6. Jølster JFF	Rune Ytredal
7. Stryn Jfl	Sigbjørn Hamre Tunold
8. Stryn jfl	Wenche Henden
9. NJFF Sogn og Fjordane	Bjørnar Eikenes
10. NJFF Sogn og Fjordane	Håkon Huseklepp
11. NJFF Sogn og Fjordane	Jan Erik Bjørnsen
12. NJFF Sogn og Fjordane	Terje Johansen
13. NJFF Sogn og Fjordane	Ann Kristin Gaare
14. NJFF Sogn og Fjordane	Reidun Solberg Seim

- Godkjenning av forretningsorden
Vedtak: Forretningsorden samrøystes godkjent
- Val av ordstyrar
Vedtak: Terje Johansen vald som ordstyrar
- Val av sekretær
Vedtak: Reidun Solberg Seim vald som sekretær
- Val av teljekorps
Vedtak: Rune Ytredal og Kåre S Strømmen
- Val av 2 delegatar til å skrive under protokollen
Vedtak: Jon Even Fossheim og Sigbjørn Hamre Tunold

Sak 2. Årsrapport for 2023

Håkon greidde ut om årsrapporten.

Ingen tok ordet.

Årsmeldinga teken opp til votering.

Vedtak: Årsrapporten vart samrøystes vedteke

Sak 3. Rekneskap 2023

Reidun orienterte kort om rekneskap.

Desse tok ordet:

Alf Erik Røyrvik: manglande tilskot Friluftsliv for barn og unge, får det konsekvensar?

Reidun: har per i dag ikkje tilskot / gulrot til aktivitetar, søker lokalt næringsliv

Håkon: Redusert stilling til prosjektansvarleg

Håkon: Rente: lokallaga bør sjekke rente med banken for å få ei høgre rente, kan vere mykje å hente

Reidun: Regionlaget har fryst 2 millioner til 5% rente.

Vedtak: Rekneskapen vart samrøystes vedteken.

Sak 4 Innkomne saker

Framlegg frå Stryn jfl:

Fylkesårsmøtet er positive til bruk av termisk kikkertsikte ved utøving av jakt.

Fylkesårsmøtet seier nei til eventuelt framlegg om forbud mot bruk av termisk sikte i ny jaktlov.

Desse tok ordet:

Håkon

Alf Erik

Vedtak:

Regionlaget bør vente med å ta stilling til dette spørsmålet, til utkast til ny viltlov vert sendt ut på høyring. På grunn av at den teknologiske utviklinga går raskt, kan det føre til utfordringar å binde seg opp mot sterke standpunkt førebels.

Etter vårt synspunkt er jegermiljøet delt når det kjem til bruken av termisk under jakt. Spesielt når det gjeld bruken av termiske kikkertsikte. Vi trur det vil bli vanskeleg å få eit samla standpunkt, før ein veit kva som kjem som forslag i ny viltlov.

Sak 5 Andre saker styret har sett opp

Styret har ikkje sett opp andre saker.

Sak 6a) Årsplan 2024

Håkon gjekk gjennom årsplanen.

Desse tok ordet:

Ann Kristin; bra å bli kontakta av styremedlem som er kontaktperson

Alf Erik: kjempegod årsplan, oppmodar lokallaga å bruke den

Vedtak: Styret sitt framlegg til årsplan for 2024 vart samrøystes vedteke.

Sak 6b) Budsjett 2024

Desse tok ordet:

Reidun forklarte kvifor styret har sett opp eit underskotsbudsjett.

Håkon: kostnader årsmøte, er det pga økonomi så få stiller?

Frode: ikkje økonomi, tidsbruk ein vurderer.

Ann Kristin: styret som peiker ut delegatar. Ynskjer at årsmøtet skal vere ei gulrot

Frode: fronte det som noko positivt, givande

Alf Erik: Prøve å lage ein kultur i lokallaga at årsmøtet deltek ein på. Blir gjort ulikt i regionane,

Rogaland legg mykje pengar i ei samling, eit anna har årsmøte ein tysdagkveld. Trekkplaster

Rune: bra oppmøte i Florø då vi var på Svanøy. Hatt noko praktisk, t.d. sett på ei elv med habitattiltak

Ann Kristin: setje opp årsmøte i lokallaga saman, ha ei felleshelg med foredrag mm, og så går alle lokallag kvar til seg med årsmøte

Jon Even: lang reisetid når ein skal reise så langt. Ha noko på midten? Treng ikkje bu på hotell.

Håkon: Skal vi ta årsmøte saman med tillitsvaldsamlinga? Komprimere t.d. viltseminar, årsmøte og tillitsvaldsamling?

Wenche: T.d. Gaularfjellet, bu på hytter. Ha noke praktisk ute, fysisk aktivitet. Trekkplaster.

Kåre: fint å fordele ut over året, kjekt å samlast fleire gonger. Gjerne ha med ledsager

Frode: For å få med fleire kan det vere lurt å komprimere fleire samlingar på ei helg

Alf Erik: kan bli seigt med å ha for mykje på ei samling, lurt å samle, men ikkje for ambisiøst.

Ann Kristin: huske på å tilrettelegge for dei som er litt yngre, legge til rette for å ta med familie.

Vedtak: Styret sitt framlegg til budsjett 2024 vart samrøystes vedteke.

Sak 7 Val av styre

Leiar i valnemda, Wenche Henden greidde ut om valnemda sitt arbeid. Hadde ein enkel jobb i år

Ordstyrar Terje leia valet.

Framlegg til val av styre:

Leiar	Håkon Huseklepp, Førde jfl	Veljast for 2 år
Nestleiar / sekretær	Terje Stavø Johansen, Flora jff	ikkje på val
Kasserar	Renate Dahl Gjelsvik	Veljast for 2 år
Ungdomsansvarleg	Jan Erik B Søreide, Hyllestad jfl	ikkje på val
Kvinnekontakt	Torunn Rygg, Førde jfl	Veljast for 2 år
Fagansvarleg fisk	Jøran Henriksen, Stryn jfl	ikkje på val
Fagansvarleg vilt	Bjørnar Eikenes, Gloppen jfl	Veljast for 2 år
1. vara	Henning Haugholt, Flora jff	Veljast for 1 år
2. vara	Frode Ølmheim, Leikanger jfl	Veljast for 1 år

Vedtak: Framlegg til val samrøystes vedteke.

Sak 8, Val av valnemnd Styret sitt framlegg til vedtak:

Valnemnd, leiar, 1 år att: Alf Erik Røyrvik, Hyen jfl
Valnemnd, medlem, 2 år att: Geir Haukaas, Førde jfl
Valnemnd, medlem, 3 år, ny: Torger Eimhjellen

Sak 9 Val av 2 revisorar

- Revisor, veljast for 1 år Jarle Sognnes
- Revisor vara, veljast for 1 år Kåre Stokkevåg, Førde jfl

Vedtak: Framlegg til revisor samrøystes vedteke

Sak 10, Val av delegatar til landsmøte:

Vedtak: 4 delegatar: Jan Erik Søreide, Torunn Rygg, Bjørnar Eikenes og Terje Johansen

Vara i prioritert rekkefølge:

1. Vidar Moen
2. Frode Ølmheim
3. Jøran Henriksen
4. Ann Kristin Gaare

Det blir sendt ut resolusjon «Fiskeoppdrett trugar naturen» etter årsmøtet.

Reidun Seim

Reidun Solberg Seim
Referent

Jon Even Fossheim

Jon Even Fossheim

Sigbjørn Hamre Tunold

Sigbjørn Hamre Tunold